



Jannicke Næs frå Rosendal hadde Silje Mathiesen, Marte Kristoffersen, Linda Matre og Andreas Kristoffersen som elevar denne kvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje berre Dønhaug Gjestegard som har fått eit ry med omsyn til ridning i Uskedalen. Det har også etterkvart Musland. Der har familien Kristoffersen gått i spissen for å bygga opp eit fint ridemiljø. Så langt har dei tre hestar til disposisjon og i fjor sommar bygde dei ei ridebane som no snart er fullført. Dei eig to av hestane mens dei har lånt den tredje i mange år.

- Er dette på veg til å bli eit kommersielt ridesenter, undra uskedalen.no då vi fann fire ryttrar og ein instruktør i aktivitet der ein kveld. Denne gongen hadde Jannicke Næs frå Rosendal hatt undervisning i to timer. Ho plar stilla opp på Musland annankvar veke. Denne kvelden hadde det vore ridning i to timar. Ho tek to elevar om gongen i bana.

- Det ligg slett ikkje noko kommersielt i dette enno, det får vera opp til den neste generasjonen å avgjera kva vi skal gjera ut av ridninga. Tre frå denne generasjon er ivrige ryttrar – det er Marte, Andreas og Astrid. Men det er jo så mange i dag som tenkjer i slike baner i dag.

Så langt er det berre ein hobby for oss og folk i nabolaget, var svaret frå Anders og Møyfrid.

- Det heile starta med Marte då ho var 11 år gamal, no er ho 22. Ho kjøpte ein hest etter å ha hatt han på for. Så vart far Anders bitt av basillen og etter kvart vaks det fram fleire og fleire ryttrar i "Musland-miljøet", fortalde Møyfrid.

Nokon i familien Kristoffersen har vore eitpar turar på Hardangervidda og så har dei naturleg nok ridd i traktene rundt Mannsvatnet.

Familien har vore flinke fjellryttrar i nokon år, men i år har dei ikkje vore til fjells..

- Kan det tenkast eit samarbeid med Magne Huglen på Dønhaug?

- Vi veit ikkje, vi har vi ikkje vore inne på den tanken, svarar Møyfrid og Anders.

Men uansett kva det blir til: Uskedalen har framifrå tilhøve også for denne aktiviteten.

Av Ola Matti Mathisen